



Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6843 - 23/75507

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
28.09.2023

## Søknad om løyve til deling etter jordlova - gbnr 1/12 Flatøy

**Tiltak:** Søknad om dispensasjon, arealoverføring og deling etter jordlova  
**Byggjestad:** Gbnr 1/12  
**Tiltakshavar:** Hilda Pauline Austegard  
**Ansvarleg søkjar:** Advokatfirmaet Kyrre

Viser til vedlagt søknad som er motteken hjå oss 08.09.2023.

Saka gjeld arealoverføring av heile jorda på gbnr 1/12 unnateke om lag 2.5 da rundt tunet på garden. Jorda skal overførast til bustadeigedomen gbnr 1/346.

Hovuddelen av gbnr 1/12 er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Meland (KDP). Ein mindre del inngår i reguleringsplan for Flatøy sør/aust og er sett av til: Landbruk- felt J3, køyreveg og bustad- felt B8.

Gbnr 1/346 er uregulert og ligg innanfor LNF formålet. Eigedomen er registrert som LNF- spreidd bustad eksisterande.

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål LNF og frå krav om at det skal utarbeidast områdereguleringsplan for Flatøy aust. Punkt 4.5 i føresegna til KDP. Dispensasjonssøknaden er ført i eiga sak 23/6842.

Det er søkt om samtykke til deling etter jordlova §12.

Vi ber om saka vert handsama etter jordlova. Før søknad om dispensasjon kan handsamast etter plan- og bygningslova må anten saka vera handsama etter jordlova eller det er gjeve ein uttale i saka.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om arealoverføring

Søknad om dispensasjon

Situasjonskart

**Mottakarar:**

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG